

Vevring Storvald
v/ Anders Apalseth
6817 Naustdal

Vevring 23. august 2011

«Jaktfelt» «Namn_på_felt» jaktfelt
v/ «Jaktfeltansvarleg»
6817 Naustdal

TILDELING AV JAKTKVOTE FOR 2011

Naustdal kommune v/ viltnemnda har godkjent bestands – og avskytingsplanen som vart vedteken på årsmøtet i Vevring storvald for perioden 2011 - 2013

Vi startar første året i planperioden, og det er difor ikkje høve til å overdra kvote frå førre planperiode. Kvota for 2011 er tildelt slik:

KVOTE 2011	VAKSNE HODYR	VAKSNE HANNDYR	UNGDYR KALV	OVER- DRAGING
«Kvote»	«Vaksne_»	«Vaksne_1»	«Ungdyr»	«Overdraging»

Nærare reglar for jakta og bestandsplanen ligg på Vevring storvald si heimeside på www.vevring.no/storvald/ Det er ein del endringar i bestand – og avskytingsplanen, så vi ber alle om å setje seg godt inn i denne.

For å nå dei måla som er sett opp i bestandsplanen vil Vevring storvald legge opp tildelinga av løyver etter følgende fordeling:

- Max 20 % eldre hanndyr
- Max 20 % eldre hodyr
- Min 60 % ungdyr og kalv

Innanfor ungdyr/kalv-kategorien bør kjønnsfordelinga vere nokolunde jamn, og kalveandelen bør helst ligge på min 20 % av den totale avskytinga. Men det vert ikkje sette krav om dette i utgangspunktet. Styret i storvaldet kan likevel sette krav om dette dersom det skulle verte naudsynt mot slutten av planperioden.

Ordninga med at 20 % av tildelinga per år kan overførast til eit anna år i perioden, held fram. Styret kan kome med vidare føringar for denne ordninga om det skulle verte naudsynt.

Storvaldet har som mål å auke slaktevektene på sikt ved å ta ut små dyr / skrapdyr. Ordninga med skrapdyrvektar vert derfor vidareført, med same vektene som før:

- Hannkalv: under 20 kg
- Hokalv: under 18 kg
- 1,5 ho: under 38 kg
- 1,5 hann: under 40 kg

Dersom ein vurderer å søkje ekstraløyve, må ein snarast, og seinast innan 24 t, ta kontakt med styreleiar, tlf. 91 79 05 48, eller ein anna i styret, slik at dei kan kontrollere at slaktevekta er under grenseverdiane.

Reglar for jaktutøving:

Jegeren skal gjere sitt beste for å ikkje skyte kolla frå kalven. Skulle dette likevel skje, har han plikt til å prøve å avlive / skyte kalven også.

Det skal ikkje nyttast laushund på jakta før 1.oktober. Dersom laushund vert nytta etter dette, skal jakta føregå på ein slik måte at nabojaktfelt eller vald ikkje vert påført ulemper, t.d. ved at hunden kryssar jaktfeltgrenser.

*Jeger / jaktlag skal **fortlaupande** rapportere til jaktfeltansvarleg om avskytinga, på slik måte at viltorgana har høve til å kontrollere utbytte, jfr. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. § 37. Rapporteringa er heimla i viltloven § 50, og brot på reglane kan medføre straff, jfr. viltloven § 56. Jegar / jaktlag må også halde seg orientert om bestandsplan, løyvetildelinga, fellingsstatus, dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld.*

Jaktfeltansvarlegen innrapporterar felte dyr til storvaldet straks etter jaktslutt eller når styret ber om det.

Dette betyr at kvar jaktfelt må ha klare reglar for rapportering før jakta tek til. Dette kan t.d. vere rapportering via telefon, SMS eller liknande til jaktfeltleiar, men presiserer at det skal vere **fortlaupande og omgåande** rapportering.

Det vert lagt opp til at 20 % av eit årskvoten kan flyttast for eitt år om gangen innanfor planperioden.

Det er høve til å skyte 20 % over tildelt årskvoten (berre aktuelt i år 1 og 2 i planperioden), men føresetnaden er at ordinær kvote er felt først. Uttak innafor denne grense kjem til frådrag **året etter**, og av same slag (ungdyr, vakse hodyr eller vakse hanndyr) som det ein har felt over kvoten.

Dersom ein ikkje klarer å felle tildelt årskvoten kan ein overføre inn til 20 % **til året etter** (berre aktuelt i år 1 og 2 i planperioden). Ein kan berre overføre det slag (ungdyr, vakse hodyr eller vakse hanndyr) som ikkje er felt av ordinær kvote.

Siste året i planperioden kan ein berre skyte ordinær kvote, med overføring (enten tillegg eller frådrag) frå **året før**. Det er ikkje høve til å overføre kvote til neste planperiode.

Alle må i tillegg fylle ut "sett hjort skjema", slaktevektskjema, som vert levert til jaktfeltansvarleg («Jaktfelt») så snart jakta er avslutta, som saman med vedlagt fellingsrapport sender dette til storvaldet. (til saman 3 skjema)

Rekning for fellingsløyve vert sendt ut frå storvaldet til jaktfelte etter at jaktperioden er slutt. Prisen på løyva er kr. 300,- for vaksne dyr og kr 180,- for kalv. (atterhald om prisendring)

Kvart jaktfelt må sørgje for avtale om ettersøkshund, men ein oppmoder om bruk av Naustdal ettersøksring. (må avtalast og betalast før jakta).

Jakttidene er fastsett til 10.09 – 23.12.11. God jakt !

Med helsing
Vevring Storvald

Anders Apalseth
Styreleiar

Fellingsrapport 2011

Frå «Namn_på_felt»

Dyr nr.	Dato	Hannkalv	Hokalv	Spissbuk	Kolle 1,5 å	Eldre bukk	Eldre kolle	Vekt
1								
2								
3								
4								
5								
6								
7								
8								
9								
10								
11								
12								
13								
14								
15								
16								
Sum								

Rapporten vert sendt Vevring Storvald v/ Anders Apalseth seinast 5 dagar etter at jaktperioden er avslutta.

Stad

Dato

«Jaktfeltansvarleg»
(Jaktfeltansvarleg)